

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

## Referat 12. desember 2017

Skype-møte  
Kl. 14.00-15.00

**Til stades:** Lisbeth Morlandstø (leiar), Christer Bakke Andresen, Balder Holm, Magnus Hoem Iversen, Marika Lüders (kom med heilt på slutten av møtet) og Terje Skjerdal (ref).

**Forfall:** Lin Prøitz og Anne Mette Bjørgen

### 1. Innkalling

Godkjend utan merknader.

### 2. Referat frå styremøte 7. november 2017

Godkjent utan merknader.

### 3. Orienteringar

- **Innmeldingar:** Fire nye sidan sist (7. november).
- **Støtte Norsk medietidsskrift (NMT):** Forskingsrådet har innvilga full støtte til NMT, ca. 348.000 kr, og inntektene for 2017 har vore betre enn forventa. Dermed ikkje sikkert det er trong for alle midlane frå RAM (200.000 kr).
- **NMT-redaksjonen, nye medarbeidarar:** Jo Sondre Moseng, Stine Agnete Sand og Balder Holm er nye medarbeidarar (sistnemnde vikar for Nina Kvalheim i eitt år). Hege Lamark ny kommentator i tidsskriftet (for 2018).
- **Støtte til medieforskarkonferansen 2018:** Forskingsrådet har gjeve 120.000 kr til konferansen (som det var søkt om). Det er i tillegg søkt om 55.000 kr frå RAM. Arrangøren søker òg Fritt Ord (9. februar 2018).
- **Medieforskarkonferansen 2018, gruppeleiarar:** Alle gruppeleiarane er no på plass, bortsett frå i gruppa kjønn, seksualitet og medium (mellombels gruppe; framtida for gruppa er uavklart).
- **Nyheitsbrevet:** Magnus testa MailChimp-løysinga 13. november, og den fungerer som den skal.

### 4. Ny studentassistent

Det var ein søkjar til studentassistentstillinga: Marianne Monstad (master i medievitenskap frå UiB 2017). Styret tilset henne i stillinga frå 1. januar 2018. Ho får m.a. ansvar for å laga og senda ut nyheitsbrevet. Magnus gjev henne opplæring.

### 5. Eventuelt

Ingen saker.

Neste møte: 16. januar 2018 kl. 14-15 (Skype)

Terje Skjerdal (ref)